

# Årsrapport 2009

bygdemobiliserings-prosjektet



## Godt mot, Todalen


# INNHOLD

	side
<b>1.0 SAMANDRAG.....</b>	<b>3</b>
2.0    2.1 Lystlista.....	3
2.2 Bustader.....	3
2.3 Trivsel, samhald og møteplassar.....	4
2.4 Kurs, kunnskap og kompetanseheving.....	6
2.5 Synleggjering og identitet.....	8
2.6 Todalen oppvekstsenter.....	9
2.7 Anna.....	9
1.9 Aktivitetskalenderen.....	10
<b>GJENNOMFØRING.....</b>	<b>11</b>
<b>3.0 MÅLOPPNÅING.....</b>	<b>11</b>
<b>4.0 REKNSKAP.....</b>	<b>12</b>
4.1 Dugnad.....	11
<b>5.0 ERFARING OG TIPS TIL ANDRE BYGDER.....</b>	<b>14</b>

# 1. 0 SAMANDRAG

Styringsgruppa i prosjektet består av styret i Todalen bondelag og medlemmer av PT-utvalet i Todalen. Gruppa har hatt 15 møter i løpet av året.

2009 er andre arbeidsåret vårt. Eit hovudfokus har vore **marknadsføring av bygda** i høve til barnetv-serien frå Todalen «Fjellgarden i Trollheimen», som gjekk på nrk1 i haust samt at vi har fått eiga nettside **Todalen.no!**



## 2.0

## LYSTLISTA

### 2.1 *Bustader*

Bustadgruppa har hatt fleire møter med kommunen med agenda om omsorgsbustader, gjennomgangsbustader og nye tomter, og vi har fått dette inn på kommunen sitt budsjett. I samarbeid med kommunen har vi gjennomført ei spørreundersøking for å finne behovet for omsorgsbustader i Todalen. Ein privat reguleringsplan med fire tomter er lagt ut og det er planer om utviding av eit kommunalt felt.

Bygda har ei stor utfordring i å skaffe folk i alle livsfaser ein stad å bu. Eit anna viktig moment er at Trollheimstunnelen kan bli ein realitet om berre få år. Om alt går etter plana starter arbeidet opp i år 2014. Då må Todalen vera klar til å ta imot dei som ynskjer å flytta til bygda

## **2.2 Trivsel/samhald/møteplassar**

---

Godt mot, Todalen har sett i gang mange ulike aktivitetar dette året, men har og vore med som eit støttespelar i godt samarbeid med andre lag og organisasjonar.

### **2.2.1 Strikkekafé**

---

Sanitetsforeninga har laga ein strikkekaffe i foreninga sine lokale, der Godt mot, Todalen har støtta tiltaket med å dekkja husleiga. Her har damer i alderen frå 30 til 90 år hatt ein sosial arena for å utøva ein felles interesse for å halda liv i eit viktig handverk. Handlingsbåren kunnskap i praksis!



Frå **tolalen.no** sine sider:

#### ***”I gang med strikkekafé***

---

*Sanitetsforeninga er i gang med strikkekafé igjen. Laurdag 17. oktober var første gong i haust, men det er meininga at det skal bli ein gong kvar månad sa Solvår Øyen og Jorunn Ness som var vertskap denne gongen.*

*Sjølv om det heiter strikkekaffe er du ikkje nødd til å ha med ”boinning” for å kome til sanitetshuset. Det held godt å ha med godt humør for å delta i den sosiale samlinga. Og sjølvsagt er det kaffeservering, i vanleg stil for sanitetsforeninga. Som sagt er det Todalen sanitetsforening som står som arrangør, med dei får god støtte frå bygdemobiliseringsprosjektet ”Godt mot, Todalen” til å dekke husleia. Rolla som vertskap for strikkekafé’n går på omgang mellom medlemane i sanitetsforeninga.”*

### **2.2.2 Premierefest**

---



Godt mot, Todalen var med å arrangerte eit storslått premierefest oppi Kårvatn i samband med barne-tv serien «Fjellgarden i Trollheimen» som gjekk på NRK1 i haust. Dette vart eit stort arrangement som drog over 350 stk opp til Kårvatn, ein fin kveld i byrjinga av september med visning av filmen, musikk av Grand Prix junior gruppa «Batteri» frå Surnadal mellom anna.

Vi serverte kortreiste smaksopplevelingar frå bygda, eit godt døme på ei mobilisering der store og små todalingar drog til skogs for å hausta blåbær til dessert, og tyttebær som vart til ei kulinarisk saftoppleveling! Kanskje ein produktidé som kan seljast?



Denne serien er eiunik marknadsføring av bygda og kan gje oss mange moglegheiter for vidare utvikling av ulike aktivitet, prosjekt og næringar.

Frå [todalen.no](http://todalen.no):

*Gudmund Kårvatn sa etter festa at han var overvelta over interessa som TV-serien og premierefesta har skapt, og var imponert over at så mange hadde funne vegen til Kårvatn denne kvelden. Han retta også ein stor takk til "Godt mot, Todalen" som har organisert opplegget med premierefesta.*

## 2.2.3 Møtestad for unge

Vi held på med planlegging av ein stad for unge å møtast og vonar å få til ein plass i løpet av våren.

## 2.3 *Kurs, kunnskap og kompetanseheving*

### 2.3.1 Fotokurs

---

17 deltarar og kurset gjekk over 5 kveldar. Marion Otterlei og Randi Gjøra hadde det faglege ansvaret. Her møttest gammel og ung, nyleg innfløtta todalingar og gamle ringrever. Bygdemobilisering!

### 2.3.2 Ungskogpleie

---

Annagruppa planlegg å rydde stier, vegkantar og liknande. Dei trong fleire med kompetanse på ryddesag. Godt mot, Todalen skipa kurs med Ingebrignt Landsem som instruktør, og kommunen vart med å støtta oss økonomisk.



### 2.3.3 Mediekurs

### Bra deltaking på mediakurs

---

Onsdag 21. oktober, 2009 var det mediekurs på Todalen Brygge, der deltarar både frå næringsliv og organisasjonar deltok.

Det var "Godt mot, Todalen" som var arrangør sammen med Profero (Surnadal Utvikling). Det var til saman 12 deltarar, inklusive redaksjonsstabben i Todalen.no. Oddbjørg Åsen Bjørdal var ansvarleg for det faglege.

---

## **2.3.4 Kokkekurs**

---

“Kokkekurs for karra” hadde siste kurskveld måndag 7. desember. Kurset gjekk over 3 kveldar på Hammestuene med Tor Rune Halset som kursleiar.

### **Kulinarisk Solfest 28. februar, 2010**

Gjestane som deltok på Solfesta var godt nøgde. Og dei kosa seg med god mat og fin musikk, men hadde nok spist seg alt for mette til å få skikkeleg sving på dansen.

Med Todalen idrettslag som arrangør og Todalen kokkelaug (dei som hadde vore på HammerStuene på kokkekurs i vinter) som gjestekokkar vart det ein kulinarisk kveld i Ungdomshuset. Kokkane, med kjøkkensjef Håvard Halset i spissen, fekk mykje skryt for maten.



## **2.3.5 PLP (prosjektstyringskurs)**

---

Olaug og Sidsel deltok på kurs på Tingvoll.


## **2.3.6 Kompostkompaniet**

---

Det vart i vår danna eit «Kompostkompani» som har til formål å lage ein kompost som kan nyttast for alle interesserte. Det er mange i bygda som har stor kunnskap om både hagebruk

og kompostering. Grunnlaget for ein kompost er lagt og det har vore fleire arbeidskveldar for å tilretteleggja og arbeid med komposten.

## 2.4 Synleggjering og identitet



### 2.4.1 Todalen.no

Nettsida todalen.no er blitt ein svert viktig del av satsinga som er gjort i samband med prosjektet Godt mot, Todalen.

Det vart forhandla fram ei løysing slik at vi kunne ta i bruk Todalen.no som adresse for nettsida, samt at det vart hyra habile folk som hadde rett kompetanse for å bygge opp ei nettside som kunne fungere slik vi ønska. 3 redaktørar sørger for å tilføre nyheter og daglege oppdateringar av sida. Lag og organisasjonar har fått ei side kvar, der dei har høve til å legge inn presentasjon/info om laget og eventuell link til eiga nettside. Dette skal dei etter kvart betale litt for.

Teknisk er sida bygd opp med plass til å vise dei 12 siste nyheitssakene, samt aktivitetskalender som er bygd månad for månad og frå februar har vi og vêrmelding.

”Dagens bilete” vert skifta kvar dag og er eit agn for å få folk til å besøke nettsida dagleg.

Dette er hovudsak bilete som lesarane sender inn og som er med i konkurransen

om ”månadens bilete” som vi har starta frå mars.

Arbeidet vart starta som rein dugnad for å sjå om dette var liv laga. No arbeider vi med å etablere meir faste rutinar og redaktørane vil nok etter kvart få litt godtgjersle. Dette må finansierast gjennom salg av annonsar/linkar.

Besøkstala har auka jamt og trutt, og var i februar kome over 9.000. Talet for unike besøkande i februar var nær 2.500, og det er redaksjonen godt nøgd med.

Det er kome mange positive tilbakemeldingar på nettsida, og vi synes den fungerer godt som informasjonsorgan i bygda og ikkje minst for ”Godt mot, Todalen” som har eit stort informasjonsbehov.

Vi har inntrykk av at fleire etter kvart nyttar seg av å legge ut info på aktivitetskalenderen og at dei kan følgje med på det som skjer i bygda på denne.

Bygdefolket er etter kvart blitt flinke til å informere og gi tips om nyheter og ting som er aktuelt. Synleggjerdingsgruppa har også vore til stor hjelp for redaksjonen med å systematisere informasjon som er lagt ut på nettsida.

## 2.4.2 Arbeid med todalen.com

---

Arbeid med eit AS i samband lage eit selskap som skal hjelpe turistnæringa i bygda.  
Sjå vedlegg (søknad til Surnadal Kommune)

## 2.4.3 Todalen oppvekstsenter

---

I samband med at Surnadal kommune skulle vurdera skulestrukturen i perioden frå 2009-2019, engasjerte heile bygda seg for å syna at ein nærmiljøskule er det som er med på å halda heile bydesamfunnet saman og gjera bygda levedyktig. Kven vil flytte til ei bygd utan skule og der ungane må ha lang busstransport?

Foreldrearbeidsutvalet (FAU) ved Todalen oppvekstsenter arrangerte i høve til høyringsprosessen eit folkmøte der 170 engasjerte todalingar, kommunepolitikarar og folk frå andre skulekrinsar møtte.

Frå Landslaget for nærmiljøskular LUFS, kom rådgjevar Torodd Fagerheim frå Dale i Sunnfjord og argumenterte for opprethaldning av skulen. Vi fekk både oppslag i lokalavisene, og regionavisa Adresseavisen samt Dagens Næringsliv, då møbelfabrikken i bygda ville flytte produksjonen ut av bygda om skulen vart lagt ned. Todalen oppvekstsenter er sjølve hjarta i bygda. I følgje professor Reidar Almås ved Norsk bygdeforskning ved NTNU er ei eventuell skulenedlegging:

**«- Liv eller død for Todalen»**

Godt mot, Todalen betalte reisa til Torodd Fagerheim, og gjorde det mogleg at Fagerheim sine viktige argument og innspel kom med i saka.

Vi fekk behalda skulen, men vart administrativt slått saman med ein annan skule 15km unna.

Dette var verkelege ei mobilisering av bygda. 17 av 45 uttalinga til skulestrukturen kom frå Todalen. Lag og organisasjonar, bedrifter og næringsliv og bygdefolk støtta fullt opp, og synte at ein sto saman om denne viktige saka, som her heilt avgjerande for ei vidar utvikling av ei livskraftig bygd.

## **2.5 Anna**

---

Er no klare for å begynne arbeidet. Vi har gjennomført fleire kurs, kompetansen er no på topp.

### **2.5.1 Hønhalsen**

fekk ei eiga heimeside « honhalsen.no ».

---

### **3.0 AKTIVITETSKALENDER FOR 2009**

Dato	Møte/arrangement	Tema
18/1	Møte i styringsgruppa	Oppsummering av 2008 og planer for 2009
16/2	Møte i styringsgruppa	Planlegging av bustadmøte. Møte med bygdemobiliseringsprosjektet i Ålvundfjord
24/2	Bustadmøte, Talgø	Møte med Surnadal kommune om eldrebustader, gjennomgangsbustader og tomter
15/4	Møte i styringsgruppa	Møte om skulestrukturen, arbeidet i undergruppene
7/5	Møte i styringsgruppa	Skulestruktur, søknad om tilskott til ungdomshuset, honhalsen.no
19/5	Møte i styringsgruppa	Reiselivsmøte i Surnadal
21/6	Møte i styringsgruppa	Presentasjon av ”Fjellgården i Trollheimen”. Turisme
19/7	Møte i styringsgruppa	Bustader, nettverkssamling på Åndalsnes, kulturmider

19/8	Møte i styringsgruppa	Val av ny leiar, referat frå undergruppene, <u>premierefest for "Fjellgården i Trollheimen"</u>
1/9	Møte i styringsgruppa	Turisme, heimeside
2/9	Møte med Harald Bredesen, Roald Boge, Amfi, Surnadal utvikling, Vårsøg Hotell m.fl.	Møte for å diskutere korleis næringslivet i Surnadal skal utnytte effekten av barneTV- serien frå Kårvatn
3/9	Møte med styringsgruppa og reiselivsgruppa	Oppsummering av møtet dagen før. Planlegging av heimeside for Todalen
9/9	Møte med Bondebladet	
9/10	Møte i styringsgruppa	Orientering om arbeidet i undergruppene
10/11	Møte i styringsgruppa	Orientering om arbeidet i undergruppene

## 4.0 GJENNOMFØRING

Det har vore eit aktivt arbeidsår i 2009. Mange har vist stort engasjement og vi har hatt stor møteaktivitet. No har vi mange baller i lufta, og vi vonar vi klarar å fullføre i 2010.

## 5.0 MÅLOPPNÅING

I 2009 har vi kome på nett!! Det er vi svert nøgde med! Todalen.no er eit godt redskap for bygdemobilisering. Vi har gjennomført mange kurs og er godt igang med arbeidet i alle guppene på lystlista.

Andre året	Dugnad timar i	Sum dugnad 200 kr/time		
Styringsgruppa	450	90000		
Premierefesta og turismeførebuing	645	129000		
Kurs og kompeanse	815	163000		
Todalen.no	580	116000		
Boliggruppa	180	36000		
Studietur,strikkekaffe,hønhalsen.no	100	20000		
	<b>2770</b>	<b>554000</b>		



## REGNSKAP GODT MOT, TODALEN! 08/09

Bilag	Tekst	Bankkonto	Bankkonto	Møter o.l	Møter o.l	Gebyr/renter	Gebyr/renter	Regninger	Regninger	Diverse	Diverse
XXX	XXXXXXXXXXXXXX	Debet	Kredit	Debet	Kredit	Debet	Kredit	Debet	Kredit	Debet	Kredit
1	I.B pr. 17.07.08	100000									
2	Regning til Tod. B.L		1045						1045		
3	Honorar		3188	3188							
4	Mat		1400						1400		
5	Støtte Slektstenme		35000								35000
6	Kontoutsk. m/gebyr		8				8				
7	Leie møtelokale		1600	1600							
8	Kontoutsk. m/gebyr		2				2				
9	Leie møtelokale		300	300							
10	Kontoutsk. m/gebyr		2				2				
11	Matvarer		104,5						104,5		
12	Kontoutsk. m/gebyr		2				2				
13	Årsoppg. m/renter	497,86						497,86			
14	Servering møte		1500	1500							
15	Møteavgift		250	250							
16	Møteavgift		250	250							
17	Leie møtelokale		1600	1600							
18	Leie møtelokale		300	300							
19	Leie møtelokale		300	300							
20	Matvarer		388,17						388,17		
21	Servering møte		1000	1000							
22	Kontoutsk. m/gebyr		12				12				
23	Leie møtelokale		300	300							
24	Kursavgift		1000								1000
25	Kontoutsk. m/gebyr		4				4				
26	Tilbakebetalt utlegg		7381								7381
27	Honorar		10500								10500
28	Kontoutsk. m/gebyr		12				12				
29	Møtehonorar		6222	6222							
30	Kontoutsk. m/gebyr		2				2				
31	Kontoutsk. U/gebyr										
32	Kontoutsk. U/gebyr										
33	Statens I.b.f	100000									100000
34	Servering møte		220	220							
35	Reklame		2638								2638
36	Kopiering		375								375
37	Kontoutsk. M/gebyr		6				6				
38	Mat		1175						1175		
39	Leie møtelokale		300						300		
40	Matvarer		2913,44						2913,44		
41	Leie møtelokale		300						300		
42	Kontoutsk. M/gebyr		8				8				
43	Matvarer		717,71						717,71		
44	Leie møtelokale		300	300							
45	Leie møtelokale		300						300		
46	Kursavgift		1500								1500
47	Servering møte		855	855							
48	Kontoutsk. M/gebyr		6				6				
49	Leie møtelokale		300						300		
50	Servering møte		4050						4050		
51	Kredittrenter	109,09						109,09			
52	Kontoutsk. M/gebyr		8				8				

53	Støtte premierefest		35000							35000	
54	Matvarer		179,29					179,29			
55	S.dal. Kommune	30000									30000
56	Kontoutsk. M/gebyr		4			4					
57	Nettseite		15663					15663			
58	Tilbakebetalt utlegg		1863							1863	
59	Møteavgift		3000	3000							
60	Nettseite		15625					15625			
61	Kontoutsk. M/gebyr		8			8					
<b>SUM</b>		<b>230606,95</b>	<b>160987,11</b>	<b>21185</b>	<b>0</b>	<b>84</b>	<b>497,86</b>	<b>44461,11</b>	<b>0</b>	<b>95257</b>	<b>130000</b>

	Debet	Kredit
XXXXXXXXXXXXXXXXXX		
I.B pr 17.07.08		100000
Bankkonto	230606,95	160987,11
Møter o.l.	21185	0
Gebyr	84	497,86
Regninger	44461,11	0
Diverse	95257	130000
<b>SUM</b>	<b>391594,06</b>	<b>391484,97</b>

Bankkonto	230606,95	160987,11
<b>Balanse</b>		<b>69619,84</b>
<b>SUM</b>	<b>230606,95</b>	<b>230606,95</b>

Inn på konto pr.  
28.02.10

**69619,84**

Resultat **30380,16**

## **8.0**

## **ERFARING, TIPS TIL ANDRE BYGDER**

Vi trur at eit tettare samarbeid med kommunen kan gje fleire positive effektar. Det kunne ha letta det administrative arbeidet som vi no gjer på fritida vår. Samtidig som kommunen fekk meir innblikk i arbeidet og føle engasjementet som er i bygda.

Tips til andre bygder kan vere å ta del i dei kurs og samlingane som vert arrangert av fylket. Vi skulle hatt anledning til å delteke på fleire av desse samlingane.

## **Andre vedlegg:**

Utvikling av Webside for Todalen.

Todalen 08.april 2010

Helsing Godt mot,Todalen  
v/ Sidsel Holte Ramsøy og Olaug Kvendset